




2025 Årsrapport
BEREKRAFTIG REISEMÅL
VISIT SUNNHORDLAND



Årsrapport for arbeidet med Berekraftig reisemål – Sunnhordland 2025

1. Forord

Denne rapporten skildrar strategiar, tiltak og aktivitetar som har bidrege til å utvikle Sunnhordland til eit meir berekraftig reisemål i løpet av 2025. Rapporten gir også ei oversikt over relevant statistikk som vert brukt for å følgje utviklinga og måle berekraft på reisemålet.

Dette er den fjerde årsrapporten for berekraftsarbeidet etter at Sunnhordland blei godkjent som Berekraftig Reisemål gjennom merkeordninga til Innovasjon Norge i juni 2021. Sunnhordland blei førstegongs merka i 2024, og rapporten for 2025 er den første årsrapporten etter merkinga.

I 2024 blei det vedteke å omorganisere styringsgruppa for berekraftsarbeidet i regionen. Den tidlegare styringsgruppa blei formelt omdanna til ei destinasjonsleiing, for å sikre betre representasjon og langsiktig forankring.

Ny destinasjonsleiing blei vald i april 2025, og har i 2025 vore ein viktig arena for forankring, koordinering og vidare utvikling av berekraftsarbeidet i regionen.

Destinasjonsleiinga består av representantar frå fleire sektorar og aktørar:

- Reiselivsnæringa – små og store verksemder
- Kommunane i Sunnhordland
- Frivillige organisasjonar og lag
- Hamner og hamnemyndigheiter

Visit Sunnhordland har ansvar for koordinering og gjennomføring av arbeidet, i tett samarbeid med kommunane, destinasjonsleiinga og andre sentrale aktørar i regionen.

Arbeidet med å utvikle Sunnhordland som eit berekraftig reisemål er eit breitt samarbeid på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Kvar enkelt reiselivsbedrift spelar ei viktig rolle i utviklinga mot eit meir berekraftig reisemål.

Destinasjonsselskapet Visit Sunnhordland dekkjer i dag kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Desse kommunane utgjjer geografien for denne rapporten og dannar til saman reisemålet Sunnhordland.



Hilde Eide Helland
Reiselivsansvarleg

Innhald

Forord	02
Forankring.....	04
Natur, kultur og miljø.....	05
Økonomisk levedyktighet.....	08
Utfordringar for utvikling av reiselivet i Sunnhordland	11
Suksesshistoriar.....	13
Formidling av rapporten.....	14



Foto: Ranveig M. Nesse



© Martin Litwicki



Foto: Henriette Lien

2. Forankring

2.1 Reiselivsstrategi Sunnhordland 2024 -2027

I 2023 blei arbeidet med revisjon av reiselivsstrategien for Visit Sunnhordland ferdigstilt. Den nye Strategiplanen 2024–2027 vart fullført sommaren 2023 og sendt ut til orientering i alle kommunestyra i Sunnhordland.

Arbeidet med strategi og resertifisering vert dokumentert gjennom årsmeldinga som sendes ut til alle kommunar til orientering, og det vert gitt årleg orientering i samband med årsmøte. (Årsmelding 2025)

Strategien vart formelt godkjent av representantskapet i Region Sunnhordland for Sunnhordland i februar 2024, og dannar no grunnlaget for det vidare arbeidet mot utvikling av Sunnhordland som eit attraktivt, heilårig og berekraftig reisemål.

Etter godkjenninga er strategien gjort offisiell, sendt ut til alle medlemsbedriftene og gjort offentleg tilgjengeleg på nettsida regionsunnhordland.no/visitsunnhordland.

Hovudmål i strategiplanen 2024–2027:

«Bidra til ei framtidretta, berekraftig og koordinert utvikling av reisemålet Sunnhordland. Med effektar i auke i volum og verdi (tilreisande) og fleire heiltids-arbeidsplassar.»

Regional attraktivitet (FN 8, 9, 11, 12, 17)
Arbeide for å etablere Sunnhordland som eit sterkt reisemålsomgrep. Utvikle eit målgrupperetta marknadskonsept med UNESCO Geopark som utgangspunkt. Maksimere effektane av Berekraftig Reisemål-sertifiseringa for synleggjering og attraktivitet av regionen.

Innhaldsutvikling (innovasjon og pakkeering) (FN 8, 11, 17)
Identifisere og vidareutvikle reiselivsprodukt på tvers av aktørar. Kartlegge og setje saman marknadskonsept basert på eksisterande tilbod. Leggje til rette for innovasjon, utvikling og opprette ein opplevingsdatabase for operatørar og MICE-marknaden.

Berekraftig reisemål (FN 8, 9, 11, 12, 17)
Operasjonalisere konkrete tiltak knytt til sertifiseringa som Berekraftig Reisemål for å sikre kontinuerleg utvikling og etterleving.

Kompetansestyking i reiselivet (FN 4, 8)
Styrke kompetanse innan prioriterte område som marknadsføring, digitalisering, konseptualisering og besøksforvaltning.

Kapital (FN 8, 17)
Byggje opp eit sterkare økonomisk fundament for Visit Sunnhordland, utvikle forretningsmodellen og sikre ekstern prosjektfinansiering gjennom aktiv søknadsarbeid.

Samhandling og nettverksbygging (FN 8, 11, 17)
Arbeide for å sikre reiselivet i Sunnhordland betre deltaking og resultat i felles utviklingsprosjekt, felles marknadsføring og nasjonale initiativ.




Foto over © Susanne Byre

3. Natur, kultur og miljø

3.1 Tiltak for å gjere Sunnhordland til eit meir miljø- og klimavenleg reisemål

I Sunnhordland er det gjennomført fleire tiltak dei siste åra som støttar utviklinga av eit meir berekraftig og klimavenleg reisemål.

Nokre av dei viktigaste initiativa i 2025:

UNESCO Global Geopark:
Prosjekt Zero-emission UNESCO waterways

Global Geopark Sunnhordland har i 2025 deltatt i samarbeidsprosjektet Zero-emission UNESCO waterways. Prosjektet skal gjere turisttransport på vatn i sårbare UNESCO-områder meir berekraftige ved å fase inn utsleppsfrie båtar.

Andre partnarar i prosjektet er ulike aktørar frå Island, Færøyane og Grønland samt fått økonomisk støtte frå NORA.

Målet er å redusere forureining, verne naturen og skape ein modell som kan brukast i andre nordatlantiske regionar.

Forprosjekt utslippsfri RIB
Geopark Sunnhordland har i 2025 delteke i prosjektet Utleppsfri RIB, der målet er å utvikle ein utsleppsfri RIB som kan brukast til passasjertransport over lengre avstandar – der batterielektriske båtar ikkje har nok rekkevidde.

Prosjektet har som mål å utvikle ei løysing som kan brukast innafor turisme, havbruk og forskning.

Besøksforvaltningsprosjekt:

Visit Sunnhordland deltek i Vestland fylkeskommune sitt besøksforvaltningsprosjekt for å sikre berekraftig forvaltning inn mot kommunane.

Synleggjering av miljø- og klimaarbeid:

Arbeidet med å profilere miljøsertifiserte bedrifter på Sunnhordland sine digitale plattformer er vidareutvikla i 2025.

Deltaking i ressursgrupper:

Visit Sunnhordland held fram med deltaking i klyngesamarbeidet til tidligare (NDBR) for Berekraftig Reisemål, med fokus på marknadsføring, AI, lokalmat og drift/finansiering.



Foto over © Solfure

3.2 Involvering av Sunnhordland-gjesten

Reisemålet arbeider aktivt med å involvere gjesten gjennom informasjon, inspirasjon og konkrete oppmodingar til ansvarlege val før, under og etter besøket.

Det er gjennomført sesongbaserte kampanjar med mål om å bidra til ei jamnare fordeling av turiststraumane. Haustkampanjen har hatt særleg fokus på å synleggjere opplevingar utanom høgsesong, og slik stimulere til auka trafikk i skuldersong og mot eit meir heilårleg reiseliv.

Gjennom sosiale medium vert gjestene jamleg oppmoda til å ta gode og informerte val. Dette inkluderer å nytte guide i ulike aktivitetar, ta i bruk lokal kunnskap, samt velje lokale produkt og matopplevingar. Slik vert gjesten aktivt involvert i å styrke både tryggleik, opplevingskvalitet og lokal verdiskaping.

Kråko Utvikling sender ut nyheitsbrev retta mot hytte-eigarar og deltidsbusette i regionen, med informasjon om aktivitetar og tilbod i Fitjar. Dette bidreg til å aktivisere denne målgruppa og stimulere til auka bruk av lokale tilbod, noko som igjen styrkar den lokale verdiskapinga.

I samband med cruisetrafikk til Stord er det utvikla og distribuert bykart til gjestene. Kartet legg til rette for at besøkande enkelt kan orientere seg og oppsøke lokale tilbod.

Vidare er det i Sunnhordlandskartet inkludert rettleiing til gjestene gjennom «7 måtar å vere ein ansvarleg gjest». Desse råda skal bidra til auka medvit kring berekraftig ferdsl og ansvarleg bruk av natur og lokalsamfunn.

Samla sett bidreg desse tiltaka til å gjere gjesten til ein aktiv medspelar i utviklinga av eit meir berekraftig reisemål.

3.3 Involvering av innbyggjarane i Sunnhordland

Medlemsbedriftene innvolvarar innbyggjarane i forskjellige arrangement som for eksempel Åkrafjordtunet med «Frukost ved fjorden», Kråko Utvikling lagar nyheitsbrev til hyttegjester og Moster Amfi tilbyr bibliotek-s kafe kvar tysdag.

Turistvertsamling:

Det vart arrangert turistvertsamling våren 2025 i Åkrafjorden, med opplæring i destinasjonsvertskap og formidling av Sunnhordland som Berekraftig Reisemål.

3.4 Involvering av tilsette i reiselivet i Sunnhordland

I 2025 vart det gjennomført sommar kick-off for reiselivsvertar i Åkrafjorden. Her deler alle komunnane kort om kva dei har å tilby til reiselivet og gjer seg kjent med dei andre kommunane sine tilbod.

Medlemer av Visit Sunnhordland mottek nyheitsbrev med oppdateringar på kva som skjer i reiselivet, kva dei kan bidra med og kva me kan hjelpe dei med ca. annakvar mnd.

For eksempel, halde produktpresentasjonen oppdatert, nyheiter til SoMe, VN og FN.

3.5 Vidare innsatsområde framover

- Utvikle betre system for synleggjering av grønne bedrifter på nett og i materiell.
- Auke andelen miljøsertifiserte bedrifter i regionen.
- Fortsette arbeidet med besøksforvaltning og naturtilrettelegging i samarbeid med kommunane og Geoparken.
- Stimulere til grøn transport og lågutsleppsløysingar for reiselivsgjestene.
- Kunnskapsauke på regenerativ turisme.
- Bruk av AI/KI for ei meir berekraftig utvikling av reiselivet.



Foto over © Folgefonnssenteret

3.6 Andel miljøsertifiserte reiselivsbedrifter i Sunnhordland

Miljøsertifisering er eit viktig verkemiddel for å systematisere arbeidet med berekraft i organisasjonar og verksemder. For reiselivet i Sunnhordland er målet å auke andelen miljøsertifiserte medlemsbedrifter, i tråd med krava for Merket for Berekraftig Reisemål. I Standard for berekraftig reisemål 3.0 er dette særleg knytt til C4-1, der destinasjonsleiinga skal informere, støtte og oppmode næringsaktørar til tiltak for auka berekraft og miljøsertifiseringar.

Visit Sunnhordland kartlegg jamleg andelen miljøsertifiserte medlemsbedrifter.

Andelen miljøsertifiserte medlemsbedrifter er framleis låg totalt sett, særleg blant mindre aktørar og serveringsbedrifter. Det er difor framleis behov for målretta arbeid med informasjon, rettleiing og oppfølging for å få fleire verksemder inn i sertifiseringsløp.

Det er ein føresetnad for vidare resertifisering som Berekraftig Reisemål at destinasjonsselskapet sjølv har miljøsertifisering gjennom Region Sunnhordland, og at andelen miljøsertifiserte reiselivsbedrifter aukar over tid.

Visit Sunnhordland informerer med jamne mellomrom om ulike sertifiseringsordningar gjennom nyheitsbrev, medlemsmøte og bedriftsmøte. Dette arbeidet vil bli vidareført og styrka i 2025, med særleg vekt på å motivere fleire små og mellomstore reiselivsaktørar til å starte sertifiseringsprosess.

Ei utfordring som har blitt tydeleg dei siste åra, er at fleire kommunar anten har valt å gå ut av Miljøfyrtårn-sertifiseringa eller ikkje levert på resertifisering. Dette kan ha negativ effekt for kommuneadministrasjonane sitt eige berekraftsarbeid, og kan òg påverke utviklinga av sertifiserte bedrifter i kommunane.

Per 2025 er det berre Bømlo kommune og Kvinnherad kommune som er sertifiserte/re-sertifiserte med Miljøfyrtårn. Dette betyr at 2 av 8 kommunar i Sunnhordland er miljøsertifiserte, tilsvarande 12,5 %. Til samanlikning var 4 kommunar sertifiserte/re-sertifiserte per 31.12.2024, og 7 kommunar per 31.12.2023. Årsakene til utmeldingane og manglande resertifisering vert i hovudsak knytt til økonomi, ressursbruk og kapasitet i kommunane.

Oversikt over miljøsertifiserte medlemsbedrifter i Sunnhordland

- [Mandelhuset](#), Tysnes, miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter](#), Bømlo, miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Haaheim Gaard](#), Tysnes, miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Bekkjarvik Gjestgiveri](#), Austevoll, miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Stord Hotell](#), Stord, miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Åkrafjorden Oppløving](#), Etne, miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [L. Rødne & Sønner](#), Stavanger (opererer i Sunnhordland - Miljøsertifisering: miljøfyrtårn
- [Tide Buss](#), Bergen/Stord - miljøsertifisering: ISO 9001, ISO 14001, ISO 45001, ISO 39001
- [Folgefonnssenteret](#), Kvinnherad - miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Engesund Visningscenter](#), Fitjar - miljøsertifisering: ASC og Global GAP

Status 2025


Visit Sunnhordland har totalt 59 medlemsbedrifter.

Av desse er 10 miljøsertifiserte (8 Miljøfyrtårn-sertifiserte + 2 med annan tredjepartssertifisering).

Sertifiseringsgrad: 10 av 59 bedrifter = ca 17 %.

Merknader:

Miljøfyrtårnsertifiseringar er kontrollert mot offisiell liste frå Miljøfyrtårn sine nettsider.



Haaheim Gaard © Henriette Lien for Visit Sunnhordland

4. Økonomisk levedyktighet



Padling ved Tysnes © Anette Bongsted

2025 var eit nytt positivt år for reiselivet i Sunnhordland. Regionen opplevde ein auke på 11 % i gjestedøgn samanlikna med 2024, noko som viser ein tydeleg vekst både i volum og attraktivitet.

Mange reiselivsbedrifter rapporterer om stabil eller betra drift, og fleire har opplevd gode resultat særleg i skuldarsesong.

Verdiskapingstal frå Innovasjon Norge og Menon viser at reiselivsnæringa i Sunnhordland bidrog med om lag 565 millionar kroner i samla verdiskaping i 2024 noko som er hele 12% auke frå 2023, og utviklinga i 2025 held fram i positiv retning.

Verdiskaping per kommune 2024 (1000 kr)					
Kommune	Servering	Kultur/ underholdning	Transport	Formidling	Overnatting
Austevoll	11 186	1 170	13 176	32 466	23 734
Bømlo	21 867	10 161	17 725	-	154
Etne	9 110	2 923	1 865	1 499	18 327
Fitjar	1 123			12 987	14 110
Kvinnherad	34 432	21 090	19 001	1 466	34 340
Stord	95 326	15 423	46 795	3 764	79 374
Sveio	6 479	7 147	8 986		661
Tysnes	5 312	4 465	-		1 635

Samtidig påverkar høgare kostnader som energipriser, bensinprisar, rentenivå og inflasjon lønsemda til fleire aktørar.

Mange bedrifter merkar press på marginane, og det er framleis utfordringar knytt til å hente inn auka kostnader gjennom prisjusteringar.

Totalt verdiskaping 565 millionar.

Kjelde: Innsikt Visit Norway

4.1 Reiselivets verdiskaping i Sunnhordland

Reiselivet i Sunnhordland har hatt ein positiv utvikling dei siste åra, og i 2024 utgjorde den samla verdiskapinga om lag 565 millionar kroner.

Dette omfattar aktivitet innan overnatting, servering, kultur, transport og formidling på tvers av kommunane Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Kvinnherad, Austevoll og Tysnes.

Stord står for den største andelen, med ei verdiskaping på 240 millionar kroner i 2024, spesielt innan servering og overnatting.

Kvinnherad er nest størst, med om lag 110 millionar kroner i samla verdiskaping, særleg innan servering og formidling.

Austevoll og Bømlo følgjer med høvesvis 81 millionar kroner og 49 millionar kroner.

Etne og Kvinnherad har hatt ein positiv utvikling innan oppleving og heilårsturisme.

Gjestedøgnsvest: Det har vore ein positiv vekt i kommersielle gjestedøgn i Sunnhordland i 2025, med ein auke på om lag 11 % samanlikna med året før. Dette syner at regionen i aukande grad klarer å trekke til seg fleire gjester også utanom sommarsesongen.

Samla vurdering: Trass i utfordringar med kostnadsauke som følgje av høgare straumprisar, renter og generell inflasjon, har reiselivet i Sunnhordland vist stor motstandskraft. Veksten i skuldersesongane (vår og haust) er spesielt gledeleg, og gir betre grunnlag for heilårsarbeidsplassar og meir stabil verdiskaping i reiselivet.

Kjelde: [Ringverkandsanalyse frå Menon 2019](#) og [Asplan Viak/Innovasjon Norge](#)

4.2 Utvikling i gjestedøger

I 2025 vart det registrert totalt 286 218 overnattingar i Sunnhordland. Dette er ein solid auke på 11 % samanlikna med året før, og viser at Sunnhordland held fram som ein reiselivsregion i vekst. Få regionar i Noreg hadde sterkare vekst enn Sunnhordland i 2025.

Det er framleis ein god del yrkestrafikk i regionen, men denne marknaden hadde ein nedgang i 2025. Ifølgje tal frå SSB var kurs- og konferansemarknaden den einaste marknaden som viste vekst dette året.

Norske gjester stod for 58 % av overnattingane, tilsvarande 166 150 overnattingar. Utanlandske gjester stod for 42 %, med 120 068 overnattingar. Dette er ein betydeleg vekst på 36 % frå 2024.

Tyskland var framleis den største utanlandske marknaden, med 37 710 overnattingar, sjølv om marknaden hadde ein liten nedgang på 3 %. Polen hadde sterk vekst på 109 %, mykje knytt til yrkestrafikk, medan Nederland auka med 9 %.

Overnattingane fordelte seg mellom hotell, camping og hyttegrender. Utanlandske gjester nyttar i stor grad camping og hyttegrender, og det er også her me ser den største veksten. Dette samsvarar med den nasjonale utviklinga, der camping og hytteovernattingar har hatt ein sterk posisjon.

Me ser òg ein tydeleg auke i Airbnb-overnattingar i Sunnhordlandsregionen. Per i dag finst det ikkje sikre tal frå denne aktøren, men både på fylkesnivå og nasjonalt nivå blir det arbeidd med å få betre oversikt over denne delen av overnattingmarknaden.

Kjelde: [Visit Norway innsikt](#)

4.3 Sysselsetting

I 2025 var det registrert 1 271 tilsette i reiselivsnæringa i Sunnhordland (K4), mot 1 138 tilsette i 2024. Dette utgjør ein auke på om lag 12 %. Auken kan tyde på høgare aktivitet i næringa og ei positiv utvikling etter fleire år med rekrutterings- og kompetanseutfordringar.

Samstundes er tilgang på arbeidskraft framleis ei viktig utfordring for reiselivet. Rekrutteringsutfordringane starta allereie før pandemien, med nedgang i talet på søkjarar til både relevante utdanningar og stillingar i bransjen. Dette skjer i ei tid der reiselivet får ei stadig viktigare rolle i utviklinga av attraktive lokalsamfunn, lokal verdiskaping og bulyst i regionane.

Per 31. desember 2025 var det registrert totalt 338 arbeidsledige i Sunnhordland ein nedgang frå 2024 4,3%, i følgje tal frå SSB og NAV. Dette gir ein relativt låg arbeidsledighet på regionalt nivå, men viser at reiselivet framleis er sårbart for sesongvariasjonar.

4611 Etne - 22 ledige
4612 Sveio - 31 ledige
4613 Bømlo - 70 ledige
4614 Stord - 73 ledige
4615 Fitjar - 20 ledige
4616 Tysnes - 17 ledige
4617 Kvinnherad - 3 ledige
4625 Austevoll - 32 ledige

Totalt arbeidsledige pr 31.12.2025: 338 personar

Kjelde: [nav.no "heilt ledige"](https://nav.no/heilt-ledige)



4.4 Utvikling i partnerbedrifter

Talet på partnerbedrifter i Visit Sunnhordland har vore relativt stabilt gjennom 2025, og ligg no på 58 bedrifter. I rapporteringa til Merket for Berekraftig Reisemål vert omgrepet medlemsbedrifter framleis nytta der standarden krev dette, men i Visit Sunnhordland sitt vidare arbeid er samarbeidsmodellen endra frå medlemsavtalar til partneravtalar.

I 2025 har Visit Sunnhordland oppdatert alle tidlegare medlemsavtalar og endra desse til partneravtalar. Dette er gjort for å tydeleggjere rolla til bedriftene som aktive partnerar i utviklinga av reisemålet Sunnhordland, og ikkje berre som medlemmar i eit destinasjonsselskap. Endringa støttar opp under krava i Standard for Berekraftig Reisemål 3.0, der ein vesentleg del av relevante reiselivsbedrifter skal delta aktivt i finansiering, utvikling og marknadsføring av reisemålet, og der skriftlege avtalar og tiltak for rekruttering av nye bedrifter inngår som indikatorar.

Dei nye partneravtalane regulerer samarbeidet mellom Region Sunnhordland / Visit Sunnhordland og kvar enkelt partnerbedrift. Avtalane skal bidra til å styrke marknadsføring, utvikling og verdiskaping i Sunnhordland, og har som føremål å byggje merkevara Sunnhordland, fremje berekraftig reiseliv, styrkje vertskap og kompetanse, og sikre at regionen utviklar seg som eit attraktivt og inkluderande reisemål for både gjester, næring og lokalsamfunn.

Partneravtalane tydeleggjer også kva bedriftene får som del av samarbeidet, mellom anna profilering på nettsider og i kampanjar, deltaking i presse- og marknadstiltak, tilgang til kurs, nettverk, statistikkrapportar, bilete og videomateriell, samt bransjeinnsikt og oppdateringar. Avtalane stiller samstundes forventningar til partnerane om å halde bedriftsinformasjon oppdatert, levere gode opplevingar til gjestene, følge lover og bransjestandardar, delta i felles satsingar og ta omsyn til berekraft, merkevare og vertskap.

Berekraft er teke inn som ein eigen del av partneravtalen. Som partner i Visit Sunnhordland blir verksemdene ein del av arbeidet med Berekraftig Reisemål, og bidreg til at Sunnhordland utviklar seg som ein meir berekraftig reiselivsdestinasjon.

Dette inneber at partnerane skal ta omsyn til miljø, lokalsamfunn og kulturarv i eiga verksemd, og dele kunnskap og erfaringar som kan styrkje det vidare berekraftsarbeidet i regionen.

Miljøsertifiserte partnerar får også høve til å bruke merket Berekraftig Reisemål i kombinasjon med destinasjonsselskapet sin profil, i tråd med gjeldande retningslinjer.

Det er framleis fokus på å rekruttere nye partnerbedrifter. Utviklinga i 2025 har vore påverka av fleire forhold, mellom anna eigarskifte hos enkelte aktørar, samanslåingar av bedrifter og naturlege endringar i bedriftsstrukturen i regionen. Samstundes kjem det stadig nye etableringar i Sunnhordland, noko som gir eit godt grunnlag for vidare rekruttering.

I ny strategi og handlingsplan er det vedteke at det skal setjast i gang strategiske tiltak for å auke partnarmassen framover. Dette inneber eit meir målretta arbeid for å rekruttere nye reiselivsaktørar, særleg verksemdar som kan bidra til heilårsopplevingar, lokal verdiskaping og berekraftig utvikling av reisemålet.

Visit Sunnhordland vil i 2026 arbeide systematisk med å styrkje partnargrunnlaget gjennom:

- tydeleggjering av partnerfordelar
- oppfølging og støtte til nye aktørar
- vidareutvikling av partnerplattform, kurs og kompetansetiltak
- synleggjering av verdien av å vere del av eit berekraftig og heilårig reisemål
- målretta dialog med nye etableringar og aktørar som i dag står utanfor partnerskapet

Samla sett er overgangen frå medlemsavtalar til partneravtalar eit viktig grep for å styrkje forankringa av reisemålsarbeidet i næringa. Endringa gir ei tydelegare forventningsavklaring mellom Visit Sunnhordland og bedriftene, og legg betre til rette for felles innsats innan marknadsføring, kompetanse, berekraft, vertskap og utvikling av Sunnhordland som reisemål.

4.5 Utvikling økonomi for destinasjonsselskapet

Visit Sunnhordland har hatt ein stabil, men pressa økonomi dei siste åra. Støtte frå Vestland fylkeskommune i form av overskotsmidlar var avgjerande for å halde drifta oppe.

Etter målretta budsjettjusteringar i 2025, enda selskapet med eit overskot på om lag ca. 40 000 kroner. Per 31.12.2025 har Visit Sunnhordland ein opptjent egenkapital på cirka 600 000 kroner.

I 2026 er økonomien framleis stabil, men med avgrensa handlingsrom. Justeringa av medlemsinntektene, som vart vedteken i 2025, trer i kraft frå 2026 og vil bidra til å styrkje den faste finansieringa.

Selskapet vil i 2026 halde fram arbeidet med å effektivisere interne rutinar, mellom anna gjennom vidare bruk av ny teknologi for betre ressursbruk innan innhaldsproduksjon, omsetjingar og handtering av sosiale medium.

Målet er å styrkje synlegheita og effektiviteten utan vesentleg kostnadsauke.

Samtidig er det behov for nye tiltak for å sikre økonomisk berekraft på lengre sikt. Dette omfattar auka eigenfinansiering, fleire prosjektmidlar og eit styrkt samarbeid med næringslivet og kommunane.

For å styrkje økonomien i 2026 vil Visit Sunnhordland prioritere å auke medlemsinntektene, rekruttere fleire medlemmar, søkje prosjektfinansiering, vidareutvikle samarbeidet med næringslivet, effektivisere drifta og utforske nye inntektsmodellar.



Folgeforni Breførarlag © Lars Petter Jonassen

5. Utfordringar for utvikling av reiselivet i Sunnhordland

Arbeidet med å vidareutvikle Sunnhordland som berekraftig reisemål er inne i ei viktig fase. Kontrollørrapporten frå remerkinga i november 2024 peikar på fleire sentrale utfordringar som må følgjast opp. Samstundes har kommunane i regionen bestilt ei utgreiing av aktiviteten i Region Sunnhordland IKS, inkludert Visit Sunnhordland.

Rapporten vert lagt fram våren 2026.

Fleire av kommunane i regionen har dei siste åra valt å gå ut av Miljøfyrtårn-sertifiseringa. Dette kan svekke den samla retninga i berekraftsarbeidet. Samstundes som delar av reiselivsnæringa tek aktive grep gjennom sertifisering og systematisk arbeid, kan manglande oppfølging frå kommunal side skape eit inntrykk av ulik prioritering i regionen. Dette kan påverke både truverd og samhandling i utviklinga av reisemålet.

5.1 Styrking av økonomi og slagkraft i Visit Sunnhordland

For å sikre vidare utvikling av reiselivet er det behov for å styrkje økonomien og kapasiteten i Visit Sunnhordland.

Dette krev fleire tiltak:

- Auke attraktiviteten i medlemskap. Utvikle tydelege partnerskapsfordelar, kompetansetilbod og synleggjering.
- Styrkje partnerskapsinntekteneVurdere justering av kontingent og tenester for betre eigenfinansiering.
- Auke offentleg medfinansiering. Styrkje forankring og støtte frå kommunar og region.
- Utnytte prosjektfinsiering. Aktivt søkje relevante midlar innan reiseliv, innovasjon og berekraft.

5.2 Økonomi og risiko

Heilårsdrift krev investeringar og føreseielege inntekter, noko som er utfordrande for mange mindre aktørar.



Foto over © Viktorija Gedrimiene

5.3 Strategisk forankring

I det vidare strategiarbeidet er det kritisk å ta utgangspunkt i:

- **Nasjonale og regionale føringar:**
Reise- og besøksforvaltningsstrategiar frå Innovasjon Norge, Vestland fylkeskommune og andre nasjonale aktørar må leggjast til grunn.
- **Standard 3.0 for Berekraftig Reisemål:**
Den vidare utviklinga av reisemålsstrategi og handlingsplan må integrere indikatorane og tema som Standard 3.0 stiller krav om, for å sikre at Sunnhordland oppfyller framtidige krav og forventingar.

5.4 Fragmentering og ressursutfordringar i reiselivet

Ein av dei største utfordringane for utviklinga av Sunnhordland som eit samla og slagkraftig reisemål, er at regionen i dag framstår fragmentert.

Fleire av medlemskommunane og reiselivsaktørane er også knytt til andre destinasjonsselskap i tillegg til Visit Sunnhordland. Dette fører til at ressursar, merksemd og utviklingsarbeid blir spreidd, og det svekkjer samla slagkraft og tydelegheit i marknaden.

Økonomien og ressursane til destinasjonsselskapa i regionen er svært ulikt fordelt, noko som gjer det utfordrande for Visit Sunnhordland å konkurrere på like vilkår med større, meir ressurssterke aktørar.

Mangelen på eit felles mål og ei samla forståing av Sunnhordland som reiselivsdestinasjon, hemmar arbeidet med å byggje ein tydeleg identitet, koordinere utviklingstiltak og få til felles løft innan marknadsføring, produktutvikling og besøksforvaltning.

For å lukkast vidare, må det arbeidast målretta med:

Styrkt forankring av Sunnhordland som eit felles reisemål blant kommunar og næringsliv

Klare rolleavklaringar mellom destinasjonsselskapa

Auka samla finansiering og ressursbruk til regional utvikling



Foto over © Viktorija Gedrimiene



6. Suksesshistoriar



Foto over © Henriette Lien for Viisit Sunnhordland

Det er mange som jobbar godt med berekraft.

Sunnhordland ynskjer å trekke fram partnarar i suksesshistoriene sine og vil for 2025 framheve 3 partnarar spesielt.

6.1 Urt & Ugras

Kafeen Urt & Ugras opna i 2020. Personane bak www.urtogugras.no har som visjon å skapa unike matopplevingar gjennom yrkesstoltheit på ein berekraftig måte. Fokus er å fremja lokale matprodusentar ved bruk at lokale råvarer, nytta reine smakar, samt vidareføre stoltheit for faget ved å utdanna nye fagfolk. Kafeen er blitt ein flott møteplass for alle som set pris på ekte matglede i trivelege og moderne lokale.

I 2025 hadde dei 5 års jubileum og utvida med restauranten Kråko Spiseri. Restauranten vart etablert i sjøkanten på Kråko i Fitjar kommune og er med på å utvikle Kråko Sjøhytteområde på ein særst positiv måte. Restauranten har ein eigen identitet og satsar på mat-, drikke- og middag-sopplevingar. Berekraft er vidareført som hovudfokus og konseptet skal bidra til gode matopplevingar både for hyttegjester og lokalbefolkning.



Foto over © Henriette Lien for Viisit Sunnhordland

6.2 Berekraftig destinasjonsutvikling Bekkjarvik

I samarbeid med Vestlandsforskning har aktørane Bekkjarvik Experience og Bekkjarvik Gjestgiveri gjennom prosjektet Berekraftig destinasjonsutvikling i Bekkjarvik fokusert på å skapa ein heilårsdestinasjon som kombinerer kystkultur, lokalmat og berekraftige opplevingar.

Sentrale tiltak i prosjektet er:

- Utvikla opplevingar til heilårsprodukt
- Balansera auka turisme opp mot omsyn til miljø og lokalsamfunn.
- Bygge vidare på Bekkjarvik Gjestgiveri sin lange tradisjon og mat i verdensklasse.
- Utvikle lun gjestehamn, bubilparkering og andre lokale tenester.
- Kartlegge og prioritere utviklingsområde

Bekkjarvik er ei kystbygd med rik historie og kulturarv og kjent for sin maritime tradisjon. Aktørane ønskjer å fremma bulyst, bevare kulturarven og balansera vekst med omsyn til miljø og samfunn.

6.3 Geopark Sunnhordland, KI-chatbot løysing

Geopark Sunnhordland har i løpet av 2025 fått på plass ei KI-chatbot «Marmora» på nettsida si geoparksunnhordland.no. Chatboten skal forbedre formidlinga av regionen sin unike geologi og kulturarv.

Det vart lagt ned stort arbeid i å finne behov, teste ulike modellar og bygge opp databasen.

Svara chatboten gjev blir henta frå lukka database for å ha kontroll på at den gjev rett informasjon. Den svarar på dei fleste språk.

Chatbot'en er utvikla i samarbeid med Vestlandsforskning, finansiert av Forregion Vestland og Geopark Sunnhordland.



Foto over: skjembilde nettside © Geopark Sunnhordland

7. Formidling av rapporten

Formidlinga av denne berekrafttrappen planleggast gjennomført slik:

Rapporten presenterast for destinasjonsleiinga i Visit Sunnhordland i mai 2026

Rapporten publiserast på Region Sunnhordland si nettside under rapportar, der vil den vere nedlastbar.

Rapporten blir delt med medlemmer, eigarkommunar med administrasjon i nyheitsbrev i mai 2026



Foto over © Heidi Kvamsdal

T: 966 34 913

E: info@visitsunnhordland.no

Postadresse:

Visit Sunnhordland

Postboks 444

5403 Stord

Besøksadresse:

Vabakkjen 6, Stord

Web: regionsunnhordland.no

